



Morten Harsvik presenterer prosjektet sitt i sentrum for vel eit år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld klokka 18 blir det halde nytt møte i Dialogforumet på Gamleskulen og denne gongen er bustadprosjekt i bygda det aktuelle tema.

Det er planlagt orienteringar om prosjektet på Eikelandet, Harsvik-prosjektet i sentrum, Ospelunden bustadfelt og prosjektet til Ivar Gundersen i sentrum.

Prosjektleiari og møteleiari Kristian Bringedal presiserar at også andre med byggeprosjekt kan og bør møta og at dei vil få tid til å informera slik at tilhøyrarane får eit mest mogeleg komplett oversyn over bumogeleiheitene i Uskedalen i åra framover

Bringedal minner også om tidspunktet for møtet. Møtestarten er flytt ein time tilbake av omsyn til finalen i 71 grader nord.